# ÅRSRAPPORT 2021

## SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD


Ikornnes kyrkje


Sykkylven kyrkje

*Foto: Hallvard Sandvik*

# Innhaldsliste


1. Innleiing ... 3
   1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes ... 4
   1.2. Nytt lovverk frå 01.01.2021 ... 5
   1.3. Ansvaret og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd ... 5
2. Fellesrådets samansetning ... 6
   2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd i år 2021 ... 6
   2.2. Medlemmar i administrasjonsutval ... 6
   2.3. Medlemmar i økonomiutval ... 6
   2.4. Medlemmar i gravplassutval ... 6
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2021 ... 7
4. Dei tilsette ... 13
5. Kyrkjene ... 13
   5.1. Kyrkjelege handlingar ... 13
   5.2. Koronapandemien (Covid-19) ... 14
   5.3. Omfattande frost- og vasskade ... 14
   5.4. Investeringar og vedlikehald ... 15
6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune ... 15
   6.1. Innleiing ... 15
   6.2. Samarbeidspartnarar ... 16
   6.3. Minnelund ... 16
   6.4. Av større saker i det vidare ... 17
7. Økonomi ... 17
8. Oppsummering/måloppnåing/resultat ... 18
   8.1. Eit ekstra krevjande år ... 18
   8.2. Økonomi ... 18
   8.3. Kyrkjebygga ... 18
   8.4. Gravplassen ... 19
   8.5. Tilsette ... 19
   8.6. Grunnlag for framleis drift ... 19

## 1. Innleiing

Den norske kyrkja (Dnk) sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjas medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrkjelege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellesråd. Sokneråda vel også medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som eksempelvis trusopplæringsutval, misjonsutval, diakoniutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper. I tillegg til dette har kyrkjelydane mange frivillige/ulønna medarbeidarar som på ulikt vis står i teneste for kyrkja si; vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen der ei av primæroppgåvene til kyrkjelydane, sokneråda og dei tilsette nettopp er å legge til rette for engasjement og å involvere og inkludere til frivillig innsats.

Det er også slik at kyrkja samarbeider med mange ulike organisasjonar, både lokale og nasjonale. Og brukarvenlege arbeidskyrkjer stimulerer til variert og mangfaldig tilbod for barn, unge, vaksne og eldre. Kyrkjene tilbyr også gode lokaliteter til eigne arrangement for lag og organisasjonar, samt til private selskap som eksempelvis dåps-, konfirmasjons- eller jubileumsselskap.

**Det er summen av alle «fot- og handavtrykk» som ér kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.**



**Visjonen til Den norske kyrkja er å skape *Meir himmel på jorda.***
Kyrkja vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å være:
***vedkjennande***
Vi vedkjenner trua på og tilber den treeinige Gud
saman med den verdsvide kyrkja.
***open***
Vi er eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald.
***tenande***
Vi viser miskunn, fremjar rettferd og vernar om skaparverket.
***misjonerande***
Vi vitnar om Jesus Kristus lokalt og globalt.

## 1.1. Medlemmar i Den norske kyrkja, Sykkylven-Ikornnes

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd og med kvar sine kyrkjer. Og pr. 1. januar 2022 (jf. www.ssb.no) var det 7558 innbyggarar i Sykkylven kommune (noko som er 38 færre enn året før).

Ved utgangen av år 2021 var det til saman 5901 medlemmar og tilhøyrande i Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes. Ikornnes sokn med 1262 (som er 40 færre enn året før) og Sykkylven sokn med 4743 (som er 104 færre enn året før). *NB! Nedgangen er ekstra stor grunna fjerning av tilhørige, som utgjer 22 barn for Ikornnes og 44 barn for Sykkylven.*

Prosentvis utgjer dette ei medlemsmasse i Den norske kyrkja på om lag 78 prosent av antall innbyggarar i Sykkylven kommune.

Demografien for Sykkylven-Ikornnes sokn ser slik ut (henta frå www.register.kirken.no):



## 1.2. Nytt lovverk frå 01.01.2021

Etter ein lengre prosess vedtok Stortinget «Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnsloven)» i lovvedtak 78 (2019-2020) den 14. april 2020, med verknad frå 01.01.2021. «Lov om den norske kyrkje (kirkeloven)» vart med dette oppheva ved årsskiftet 2020/2021 og erstatta med den nye lova der kapittel 3 spesifikt omhandlar Den norske kyrkja.

## 1.3. Ansvaret og oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i Lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) §14 «Finansiering av Den norske kyrkja».

Ansvaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.
Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, gravplass og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjevaransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet (opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakarar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørgje for administrativ hjelp til prosten når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, fellesråd, sokneråd, dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane, samt både i samarbeid med og med supplement frå dei ulike lag og organisasjonar.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven-Ikornnes og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere både kyrkja og kyrkjeleg fellesråd sitt ansvar med gravplassforvaltninga enda betre.

## 2. Fellesrådets samansetning

### 2.1. Medlemmar i Sykkylven kyrkjelege fellesråd i år 2021

Frå Ikornnes sokneråd:
Ellen Brautaseth Vatne (fellesrådsleiar/styreleiar)
Bergljot Hjortdal
Vararepr.: Ingmund Eliassen

Frå Sykkylven sokneråd:
Torbjørn Støylen (nestleiar)
Therese Kristin Utgård
1. vararepr.: May Lisbeth Hovlid Aurdal
2. vararepr.: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:
Svein Runde (prost/leiar av prestetenesta)
1. vararepr.: Simen Elias Nordbrønd Myklebust
2. vararepr.: Erlend Lunde

Kommunal representant:
Birgitte Johanne Sætre Bonesmo (varaordførar)
1. vararepr.: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)
2. vararepr.: Anita Sølvi Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:
Arild Sporsheim

### 2.2. Medlemmar i administrasjonsutval

Frå fellesrådet:
Ellen Brautaseth Vatne *(fellesrådsleiar)*
Torbjørn Støylen *(nestleiar)*
Svein Runde *(geistleg representant)*

Frå dei tilsette:
Kristin KJemphol Lohne *(tillitsvald og diakon)*
Arild Sporsheim *(kyrkjeverje/dagleg leiar)*

### 2.3. Medlemmar i økonomiutval

Ellen Brautaseth Vatne *(fellesrådsleiar)*
Torbjørn Støylen *(nestleiar)*
Arild Sporsheim *(kyrkjeverje/dagleg leiar)*

### 2.4. Medlemmar i gravplassutval

Bergljot Hjortdal *(fellesrådsmedlem)*
Therese Kristin Utgård *(fellesrådmedlem)*
Arild Sporsheim *(kyrkjeverje/dagleg leiar)*

## 3. Eit utdrag av sentrale saker i 2021

**F-sak 03/21 Budsjett 2021**

Kyrkjeverjen orienterte om at budsjettet til Sykkylven kyrkjeleg fellesråd (SKF) gjeld for dei tre rekneskapsavdelingane: kyrkjeleg administrasjon (avd. 41), kyrkjer (avd. 42) og gravplass/kyrkjegard (avd. 43). Nytt av året er at Sykkylven kommunestyre har tydeleggjort dette betre ved å spesifisere rammetilskotet gitt til SKF på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja (avd. 41 og 42) og rammtilskotet gitt til SKF som gravplassmyndigheit (avd. 43).

Sykkylven kyrkjelege fellesråd er gravplassmyndigheita i, og på vegne av, Sykkylven kommune og har med dette ansvaret for at den offentlege gravplassen i Sykkylven kommune (Sykkylven kyrkjegard) og tilhøyrande driftsbygning vert forvalta med orden og verdigheit i tråd med Gravplassloven, Gravplassforskriften og lokale vedtekter. Dette ansvaret gjeld for alle innbyggarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn.

Jamfør Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) er Sykkylven kyrkjegard soknets eigedom, men ein offentleg gravplass der Sykkylven kommune har ansvaret å utrede utgifter til anlegg, drift og forvaltning (§3). Dette etter budsjettforslag frå kyrkjeleg fellesråd, på vegne av soknet(a).

Jamfør Lov om tros og livssynssamfunn (trossamfunnsloven) §14 pliktar kommunen å gi

> «tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.»

SKF vedtok eit budsjettforslag 2021 (F-sak 15/20) med eit kommunalt rammetilskot på kr. 1 204 119,- til gravplassforvaltninga. Kommunestyret vedtok eit tilskot på kr. 1 067 500,-. Dette er i tråd med kommunedirektøren sit utkast til kommunalt budsjett 2021 der kommentaren er at dette er inklusive eit «framlegg om lønns-og priskorreksjon til drift av kyrkjegarden.»
Til kyrkjeleg verksemd var budsjettforslaget kr. 3 612 356,- mot kommunedirektørens framlegg på kr.3 118 500,-, noko som innebar eit forslag om å «berre» tildele same tilskotsbeløp som i 2020 utan lønns- og priskorreksjon. Kommunestyret vedtok å styrke dette med kr. 150 000,- slik at driftstilskotet vart fastsett til kr. 3 268 500,-. I tillegg til dette vart det tildelt eit investeringstilskot på kr. 300 000,-.

I lys av kommunalt tilskot for 2021 har økonomiutvalet arbeidd fram forslag til budsjett 2021. Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte om dei ulike budsjettpostane og gav særleg merknad om at det ikkje er budsjettert med nedbetaling av uinndekka meirforbruk. Dette skyldast forventningar om ei nedbetaling av uindekka meirforbruk som følgje av mindreforbruk 2020. Hovudårsakane til dette er reduserte lønnskostnadar grunna fleire langtidssjukefråvær og reduserte kostnadar til energi/oppvarming, som følgje av pandemiens krav om nedstenging og redusert aktivitet.

Vedtak:
Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjett 2021 som framlagt frå økonomiutvalet.
Budsjettet er lagt inn med full sysselsetting og dei øvrige budsjettpostane i høve forventa drift.
*Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.*

**F-sak 06/21 Fastsetting av rekneskapet for 2020**
Kyrkjeverjen og økonomiutvalet orienterte om eit positivt resultat år 2020 på heile kr.228.413,-. Hovudårsaken til dette er reduserte lønnskostnadar som følgje av fleire langtidssjukmeldingar med svært reduserte vikarkostnadar grunna pandemiens begrensingar på aktivitet.

Vedtak:
Fellesrådet tok det til vitande og fastsette eit positivt årsresultat år 2020 med kr. 228.413,- som i si heilheilt vert brukt til å redusere udekka underskot tidlegare år frå kr. 234.893,- til kr. 6.478,-.
*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

**F-sak 14/21 Førebuande klagesakhandsaming**
Som gravplassmyndigheit i Sykkylven har Statsforvaltaren bedt oss, Sykkylven kyrkjelege fellesråd, om å gjere ei førebuande klagesakhandsaming av eit enkeltvedtak og vidare sende saka over til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark (som frå 01.01.2021 er regional gravplassmyndigheit og som handsamar klagesaker for heile landet).

Bergljot Hjortdal og kyrkjeverjen orienterte om uttalen i saka frå det fellesrådsoppnemnde gravplassutvalet.

Vedtak:
Som følgje av eit avvik mellom plasseringa av gravminne-/steinrekkene og dei fysiske gravene blir G7.5 og G7.6-gravminnet delvis ståande på G6.6-nabograva. Dette inneber at det, på lik linje som for gravminnet til G6.6.-nabograva, vil være veltefare dersom eit tungt gravminne, inklusive fundamentet, blir sett tilbake på ei nybrukt grav. Grav G6.6 må med dette få tid til å «sette seg» og vi finn heimel til denne avgjerda i Gravplassloven §17, som eit tiltak for å forebygge skade.

Som Gravplassmyndigheit i Sykkylven vedtok dermed Sykkylven kyrkjelege fellesråd å fasthalde tidlegare vedtak i saka om behovet for ei mellombels flytting av gravminnet til grav G7.5 og G7.6 med ei varigheit på 6 månadar før gravminnet blir montert opp igjen. Varigheita på 6 månadar er forankra i gravplassvedtektene i Sykkylven og i denne perioden blir gravminnet ståande på ein trebukk så nær opprinneleg plassering som mogleg.

Fellesrådet ber kyrkjeverjen om å kontakte KA (Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter) for å kvalitetssikre at vi har heimel til dette i gravplassloven §17. Dersom KA finn grunnlag for heimel skal vedtaket sendast vidare til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med kopi til festaren som har sendt klage på vedtak.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

**F-sak 19/21 Kommunalt driftstilskot 2022 til Den norske kyrkja.**
**Kommunalt driftstilskot 2022 til gravplassmyndigheita.**
Kyrkjeverjen orienterte om budsjettbehandlinga i økonomiutvalet og om dei to forslaga til kommunalt drifttilskot 2022.

**Todelt rammetilskot**
Viser til KST – 100/20 der kommunestyret vedtok kommunedirektørens framlegg om å vedta to ulike driftstilskotspostar: Kyrkjeleg fellesråd og Kyrkjegarden (gravplassen), samt vedtak om investeringstilskot til Kyrkjeleg fellesråd. Med andre ord mottok Sykkylven kyrkjelege fellesråd eigne kommunale tilskot på vegne av trussamfunnet Den norske kyrkja i Sykkylven og eige kommunalt tilskot på vegne av gravplassmyndigheita i Sykkylven.

**Lovpålagte oppgåver**

1. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til Den norske kyrkja er nedfelt i Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnslova), endra frå «kyrkjelova». Sjå eige avsnitt nedanfor.
2. Kommunens lovpålagte finansieringsansvar til gravplassmyndigheita/gravplasstyresmakta er nedfelt i Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven). Sjå eige avsnitt nedanfor.

## 1. Kyrkjelova erstatta med Trussamfunnslova

Lov om Den norske kyrkja (kyrkjelova) frå 07.06.1996 vart oppheva og erstatta med Lov om tros- og livssynssamfunn (trossamfunnslova) den 01.01.2021. Jf. §1 er formålet med lova å understøtte trus- og livssynssamfunn. Den nye lova er inndelt i fire kapittel der kapittel 2 ikkje gjeld Den norske kyrkja, mens kapittel 3 berre gjeld for Den norske kyrkja.

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i trussamfunnslova § 14:
*(henta frå www.lovdata.no den 30.08.2021)*

§ 14. *Finansiering av Den norske kirke*
Staten gir tilskudd til prestetjenesten og kirkens virksomhet nasjonalt og regionalt. Staten kan også gi tilskudd til andre kirkelige formål.

**Kommunen gir tilskudd til kirkens virksomhet lokalt, herunder tilskudd til bygging, vedlikehold og drift av kirkebygg. Tilskuddet skal sikre at kirkebyggene holdes i forsvarlig stand, slik at de kan benyttes til gudstjenester og kirkelige handlinger. Tilskuddet skal også sikre at soknet har tilfredsstillende bemanning ved gudstjenester og kirkelige handlinger, herunder kirketjener, klokker og organist/kantor ved hver kirke, og tilstrekkelig administrativ hjelp. Kommunens tilskudd gis etter budsjettforslag fra soknet. I budsjettforslaget skal også tilskudd til kirkelig undervisning, diakoni og kirkemusikk inngå.**

**Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd etter andre ledd.**

**Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i kirkebygg og tilhørende varige driftsmidler.**

Bestemmelsene i § 6 gjelder tilsvarende for Den norske kirke.

Regnskapsloven gjelder for regnskapet til rettssubjektet Den norske kirke og for regnskapet til soknet, med mindre departementet har fastsatt annet i forskrift.

Et sokn kan ikke tas under konkursbehandling eller begjære åpning av gjeldsforhandlinger etter konkursloven.

## 2. Gravplasslova

Lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassloven) regulerer gravplassmyndigheita/gravplasstyresmakta og kommunens ansvar.

Kommunens lovpålagte finansieringsansvar er nedfelt i gravplasslova § 3:
*(henta frå www.lovdata.no den 30.08.2021)*

§ 3.*Gravplassmyndigheten og kommunens ansvar.*
Gravplassmyndigheten har ansvaret for at gravplasser og bygninger på gravplasser forvaltes med orden og verdighet og i samsvar med gjeldende bestemmelser.

**Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag fra soknet. Etter avtale med soknet kan kommunen yte tjenester i stedet for å gi tilskudd.**

**Kommunen kan ta opp lån for å finansiere investeringer i gravplasser og tilhørende varige driftsmidler.**

0 Endret ved lover 26 aug 2011 nr. 40 (ikr. 1 jan 2012 iflg. res. 26 aug 2011 nr. 866), 24 april 2020 nr. 31 (i kraft 1 jan 2021 iflg. res. 24 april 2020 nr. 855).

---

## Hovudpunkta i budsjettforslaget

### 1. Justert for løns- og prisvekst

Budsjettforslaget til Den norske kyrkja og budsjettforslaget til gravplassmyndigheita/-styresmakta er begge justert for 2,5% løns- og prisvekst av fjorårets budsjettforslag.

### 2. Tilskot til diakoni

Nytt av året, og i lys av trussamfunnslova § 14, har vi i dette budsjettforslaget berekna kommunal finansiering av 0,4 årsverk (= halve lønnskostnadane) til den allereie etablerte diakonstillinga i Sykkylven-Ikornnes. Den andre halvdelen av lønnskostnadane blir finansiert av statleg tilskot via Møre bispedøme. Aktivitetskostnadane, utgifter til kontorhald m.m. blir dels finansiert av avsette fondsmidlar, gåver og innsamlingar, samt sponsorar/samarbeidspartnarar og andre tilskotsordningar ein kan søke på.

### 3. Udekka underskot - avvik mellom budsjettforslag og kommunalt tilskot

I åra 2011 til 2017 opparbeide Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) seg eit udekka underskot på om lag kr. 400.000,-, men grunna ulike tiltak og vakansar er dette no redusert kr. 6 480,- ved inngangen til år. 2021. Likviditeten til SKF var oppretthaldt i kraft av lån frå sokneråda. SKF presenterer difor det udekka underskotet som eit disposisjonsfond med negativ saldo. Dette ved at vi har lånt eit tilsvarande beløp frå Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd sine fond med innsamla midlar.

Årsaka til dei økonomisk positive årsresultata i 2018, 2019 og 2020 skyldast i hovudsak 2 store tiltak, samt midlertidig reduserte lønnsutgifter grunna sjukmelding, vakanse og lav aktivitet.

- **Konsekvensen av Tiltak 1 = kutt i stillingar frå 1,8 årsverk til 1,15 årsverk**
- **Konsekvensen av Tiltak 2 = kutt i vedlikehaldet av kyrkjene**

**Tiltak 1**

Det første tiltaket omhandlar eit beløp på kr. 150 000,- for 25% lønn til ungdomsarbeidar som vart fjerna frå budsjettforslaget frå og med år 2018. Sokneråda måtte difor bære desse kostnadane sjølve, av innsamla midlar og auka fokus på gjevarteneste og andre innsamlingar. Ungdomsarbeidet er eit av satsingsområda til kyrkja og i samband med dette hadde vi fram til år 2017 fordelt ein del av det kommunale rammetilskotet til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikaranes konkrete tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open

Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykkylven. Utfordringa for Sykkylven kyrkjelege fellesråd var at desse midlane ikkje var «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men som var baka inn kommunens rammetilskot til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass. Her viser vi til fleire møter med økonomisjef Bergstrøm og tidlegare rådmann Lillestøl og dåverande rådmann Molvær Grimstad med melding om at SKF ikkje var forplikta til å overføre dette beløpet til sokneråda. Vi viser også til at dette ikkje er ei lovpålagt oppgåve for Sykkylven kyrkjelege fellesråd.

**Tiltak 2**
Det andre tiltaket omhandlar at vi berre brukte kr. 114 903,- av investeringstilskotet på kr. 300 000,- for 2018. Dette er om lag kr. 90 000,- lågare enn den budsjetterte målsettinga. SKF budsjetterte altså med ein redusert bruk som tiltak for å redusere det opparbeida underskotet på kr. 378 502,- ved inngangen til 2018. Vi viser til manglande utbetaling av investeringstilskot 2016 som mandat for å gjere dette. Utfordringa er at utsetting av viktige investerings- og vedlikehaldsprosjekt gir uheldige konsekvensar både for den daglege drifta og ved å kunne forverre tilstanden på kyrkjebygga.

**Reduserte lønnsutgifter**
Dei reduserte lønnskostnadane i 2019 var på om lag kr. 100 000,- grunna langtidssjukmelding og vakanse. I 2020 var reduksjonane på heile kr. 228.413,-. som følgje av fleire langtidssjukmeldingar med svært reduserte vikarkostnadar grunna pandemiens avgrensingar på aktivitet.

### 4. Uløna/frivillige medarbeidarar
Dei lovpålagte oppgåvene til Sykkylven kyrkjelege fellesråd er prega av uløna/frivillige medarbeidarar. Klokkarfunksjonen, jf. trussamfunnslova § 14, blir ivaretatt av frivillige medarbeidarar. Og i 4 år, frå 2014-2018 hadde vi også ein frivillig økonomi-medarbeidar i om lag 20% stilling. Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har, og blir, også gjennomført dels med bruk av frivillige/uløna medarbeidarar, samt ulike lag og organisasjonar.

### 5. Soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt
Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd. Samla sett for åra 2014-2020 utgjer dette så mykje som kr. 2 788 000,- (jf. vedlegg 3-9). Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

### 6. Kyrkjene som kulturbygg
Kyrkjene i Sykkylven-Ikornnes er i stor utstrekning brukt til konsertar og andre kulturelle arrangement, både av lokale og utanbygds kor, korps, musikarar og songarar. Vi kan også mellom anna vise til godt samarbeid med kultureining i kommunen, med skular, barnehagar og ikkje minst dei ulike kor og korps i bygda. P.t. øver desse kora fast ein gong i veka i kyrkjene: Sykkylven Gospelkor, Velledalskoret og Hundeidvik blandakor. Dette i tillegg til dei ulike barne- og ungdomskora i regi av kyrkja sjølv.

### 7. Kyrkja som viktig diakonal aktør i folkehelsearbeidet
Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggarar ulike tilknytningar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Diakoni-/omsorgsarbeidet, verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet og fellesskapsbygginga er ulike eksemplar på kyrkja sin

innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas sjølvkjensle, helse og trivsel. Dette kan seiast å være viktige faktorar i det førebyggande arbeidet, men som i utgangspunktet er vanskeleg å måle/talfeste.

Vedtak:
Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 19/21 vedtak om eit todelt budsjettforslag på kr. 1 234 222 i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av den kommunale gravplassforvaltninga og kr. 3 960 670,- i kommunalt driftstilskot til SKF på vegne av Den norske kyrkja i Sykkylven-Ikornnes.

## Avdelingsvis fordeling av budsjettforslag til kommunale driftstilskot 2022

jf. F-sak 19/21

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| Kommunale driftstilskot for 2022: | Gravplassmyndigheita | kr | 1 234 222 | |
| | Den norske kyrkja | kr | 3 960 670 | *kr. 288860,- i tillegg for halve lønnskostnadane til diakon (=0,4 årsverk)* |
| | Totalt | kr | 5 194 891 | |

1. Avd. 43 - Drift gravplass (eige drifttilskot)
2. Avd. 42 - Drift kyrkjer (Den norske kyrkja)
3. Avd. 41 - Drift administrasjon (Den norske kyrkja)

| Samla månadleg driftstilskot: | | Ant. mnd.: | | Samla tilskot: | | Administrasjon | | Kyrkjer | | Gravplass | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | | Avd. 41: | | Avd. 42: | | Avd. 43: | |
| | | | | | | Konto 18300 | | Konto 18300 | | Konto 18300 | |
| kr | 432 908 | kr | 12 | kr | 5 194 891 | kr | 107 094 | kr | 222 961 | kr | 102 852 |
| Årstotal: | | | | kr | 5 194 891 | kr | 1 285 133 | kr | 2 675 536 | kr | 1 234 222 |

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

**F-sak 20/21 Høyring av endringar i gravplasslova og gravplassforskrifta**
Kyrkjeverjen orienterte om gravplassutvalets arbeid med å utarbeide høyringsforslaget som var lagt ved som saksframlegg i innkallinga til dette møtet.

Vedtak:
Fellesrådet vedtok høyringsforslaget som var utarbeida og framlagt av gravplassutvalet.
*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

**F-sak 24/21 Konstituering**
Det vart gjennomført skriftleg val av leiar og nestleiar, med verknad frå 01.12.2021.
Skriftleg val jf. *Reglar om formene for menighetsråd og kirkelig fellesråds virksomhet §1 (www.lovdata.no).*

Vedtak:
1. Val av leiar: Av 6 røyster gjekk alle 6 til Torbjørn Støylen.
2. Val av nestleiar: Av 6 stemmer gjekk alle 6 til Ellen Brautaset Vatne.

**F-sak 26/21 Høyring – Forslag til ny kyrkjeleg organisering**
Fellesrådsleiaren og kyrkjeverjen orienterte om ein brei prosess med 3 utvalsmøter der leiarane i alle 3 råda *(Magnar Vigstad - Ikornnes sokneråd, May Lisbeth Hovlid Aurdal - Sykkylven sokneråd og Ellen Brautaset Vatne - Sykkylven kyrkjelege Fellesråd),* eit par andre rådsmedlemmar og

kyrkjeverjen deltok på det første møtet. Det andre møtet bestod av Ellen, May Lisbet og Arild, kyrkjeverjen. Det tredje møtet var ved Ellen og May Lisbeth. Resultatet var eit utfyllande høyringsforslag, ført i penn av May Lisbeth.

Det vart satt av god tid i møtet til ein gjennomgang av høyringsforslaget.

Vedtak:
Med nokre tilføyingar og avstemmingar på enkeltspørsmål, vedtok Sykkylven kyrkjelege fellesråd det framlagte høyringsforslaget. Ellen Brautaset Vatne og Torbjørn Støylen fekk mandat til å gjere dei nødvendige justeringane og avgi høyringssvaret via https://surveys.enalyzer.com?pid=dimb3n6f.
*Vedtaket var einstemmig, 6 røyster for.*

## 4. Dei tilsette

**Lønna av kommunale midlar (4,15 årsverk):**
Arild Sporsheim - Kyrkjeverje i 100% stilling.
Rose Iren Stave - Kantor i 100% stilling.
Elise Ullavik - Kontorsekretær i 55% stilling.
Runar Bårnes - Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 40%/20%/40% stilling.
Olav Sverre Strømme - Reinhaldar i 40% stilling.
Savindri Perera - Organist i 20 % stilling *(slutta i stillinga den 31.03.2021).*
Tor Einar Steinsvik - Organist i 20% stilling *(frå 01.06.2021)*

**Lønna av sokneråda** (innsamla midlar og statlege trusopplærings- og diakonimidlar):
Katrine Numme - Ungdomsarbeidar i 100% stilling *(slutta i stillinga den 31.07.2021).*
Anna Myklebust - Trusopplærar i 80% stilling *(slutta i stillinga den 31.07.2021).*
Guro Lovise Bjørnevik - Trusopplæringskoordinator i 100% stilling *(frå 01.10.-30.11.2021)*
Kristin Kjemphol Lohne - Diakon i 80% stilling

**Likestilling:** 7 kvinner og 4 menn

----

**Tilsette i Møre bispedømme** (med tenestestad i Ikornnes og Sykkylven):
Erlend Lunde - Sokneprest i Ikornnes sokn, 60% stilling.
Simen Elias Nordbrønd Myklebust - Sokneprest i Sykkylven sokn, 100% stilling *(permisjon frå august og ut året)*

## 5. Kyrkjene

### 5.1. Kyrkjelege handlingar

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 89 gudstenester *(78 i 2020, 88 i 2019, 86 i 2018)*
- 43 døypte og 102 konfirmerte *(49 og 63 i 2020, 52 og 82 i 2019, 40 og 89 i 2018)*
- 9 vigslar *(7 i 2020, 9 i 2019, 7 i 2018)*
- 73 gravferdsseremoniar *(54 i 2020, 66 i 2019, 65 i 2018)*

Konfirmasjonane 2021 vart gjennomført både i mai og september på grunn av koronapandemien.

## 5.2. Koronapandemien (Covid-19)

Likt med år 2020 vart også år 2021 i svært stor grad prega av alle tilpasningane vi måtte gjere i forhold til koronapandemien. Gravferder vart gjennomført med store begrensingar på kor mange som kunne delta og ein god del av gudstenestene vart enten gjennomført digitalt eller som ute-/friluftsgudstenester. Mange av dei fysiske gudstenestene som vart gjennomført var også med begrensningar på kor mange som kunne samlast, og ved nokre tilfeller var det dessverre fullt slik at ikkje alle fikk kome inn og delta. Det vart også gjennomført nokre konsertar og diakonale arrangement med grundig planlagt logistikk og med tilstrekkeleg personell for å sikre eit godt og forsvarleg smittvern.

Det vart ikkje halde fysiske gudstenester i påska 2021, men ei gradvis gjenopning gjorde at vi fikk gjennomført konfirmasjonsgudstenester dei to første helgane i mai. Dette tilbodet vart gitt med grunnlag i ei spørjeundersøking der konfirmantar og foreldre gav tilbakemelding og dei ønskja å gjennomføre konfirmasjon i mai eller til hausten. Utgangspunktet var då at vi hadde kjennskap til begrensningane og korleis kunne gjennomføre konfirmasjon i mai, mens det var usikkert kva som ville skje til hausten igjen. Kanskje var det ei ny smittebølge med nedstenging og utsetting til våren? Resultatet endte opp med at om lag ein tredjedel av konfirmantane konfirmerte seg mai og resten i september, og at vi har mottatt positive tilbakemeldingar i forhold til begge gjennomføringane.

Likt med 2021 har det foregått eit grundig, systematisk og omfattande risikovurderings- og drøftingsarbeid i kyrkja som følgje av denne pandemien. Kyrkjeverjen har hatt god løpande kontakt med kriseleiinga i kommunen ved kommunalsjef Eli Otterlei og kommuneoverlegen. Bedriftshelsetjenesten i Sykkylven, v/Lisbeth Tynes Fausa, har også bistått i dette HMS-arbeidet.

Til forskjell frå 2020 kunne vi i 2021 i hovudsak hente opp igjen tidlegare smitteverninstruksar alt etter kva nasjonale og lokale bestemmelsar som gjaldt.

Informasjonsarbeidet har vore viktig og kyrkjeverjen har sendt felles e-post med «Siste nytt» til medlemmar og varamedlemmar i sokneråd og fellesråd, samt staben. Heimesida, Facebook, oppslag og plakatar har også vore aktivt brukt som informasjonskanal. Og ved booking av lokalar i kyrkjene har vi opplyst om smittevernansvaret og instruksen med dei ulike smitteverntiltaka.

## 5.3. Omfattande frost- og vasskade

19. februar 2021 vart det ein omfattande vasslekkasje i Sykkylven kyrkje. Det hadde då vore ein lengre kuldeperiode som førte til svært djup tele i bakken/vegen nedanfor kyrkja. Dette resulterte i fryste røyr og at innvendige taknedløp vart ståande fulle av vatn. Det viste seg då at skøytane/«muffene» i røyrovergangane ikkje var tette nok til å handtere eit slikt trykk i røyra og mykje av vatnet rant difor ut frå tak i både over og underetasjen.

Dette vart ei omfattande forsikringssak som medførte stengde lokalar i fleire månadar. Dette var i ein periode med nedstengingar og redusert aktivitet grunna koronapandemien slik at konsekvensane vart mindre ein ved ein normalsituasjon.

## 5.4. Investeringar og vedlikehald

I 2021 vart det brukt om lag kr. 430 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Varmeomnar bak i kyrkjerommet, Ikornnes kyrkje
- EL-arbeid, Ikornnes kyrkje
- Utbedring av personheis, Sykkylven kyrkje
- Varmepumpe i kyrkjestova, Sykkylven kyrkje
- Varmepumpe i kyrkjetorget, Sykkylven kyrkje
- Bærbar projektor
- Ny vaskevogn, Sykkylven kyrkje
- Diverse smittevernutstyr, begge kyrkjene
- ENØK-analyse av begge kyrkjene
- Rep. av utvendige trapper, Ikornnes kyrkje
- Plastjuletre, Ikornnes kyrkje
- Diverse lydutstyr
- Diverse data- og kommunikasjonsutstyr
- Lyddemping i kyrkjesal 1, Sykkylven kyrkje
- Ny steam-/oppvaskmaskin, Sykkylven kyrkje
- Ny dørautomatikk hovuddør, Sykkylven kyrkje
- Ny trådklippar, gravplassen
- Tujahekk felt P/Q, gravplassen
- Div. prosjekt, gravplassen

2021 er også prega av soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av gåvemidlar og fondsmidlar. Investeringar på om lag kr. 90 000,- har i hovudsak gått til:

- Hjartestartarar i begge kyrkjene
- Diverse utstyr til Kyrkje-TV, Sykkylven kyrkje

# 6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 75 gravleggingar i 2021.

## 6.1. Innleiing

I Sykkylven kommune er det Sykkylven kyrkjelege fellesråd som er gravplassmyndigheit på vegne av alle innbyggarane. Dette er med andre ord ei kommunalt lovpålagt oppgåve der Sykkylven kommune er økonomisk ansvarleg og der gravplassmyndigheita har ansvaret for anlegg, drift og forvaltning.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverjen har dermed ansvaret for anlegg, drift og forvaltning av gravplassen i Sykkylven. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:
*Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og lokale vedtekter.*

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at «publikum» opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet og respekt for gravplassens særpreg. Vi søker å gi ei verdig gravferd for alle i respekt for avdødes religion eller livssyn.

Dessverre opplever vi av og til også misnøyer, og i 2021 var det spesielt ei sak (jf. F-sak 14/21) som gjekk så langt at det medførte klagehandsaming av Statsforvaltaren. Gravplassmyndigheita fekk medhald i saka, men det er uansett ikkje kjekt når slikt skjer, for begge partar. Gjennomgang av rutiner etc. tenker vi gjer oss både betre og tryggare i den vidare forvaltninga, til det beste for alle.

## 6.2. Samarbeidspartnarar

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid. Elles vil vi også få rette ein stor takk til dei ulike verksemdene (gravferdsbyrå, steinleverandørar m.m.) som vi samarbeidar med og som på ulikt vis bistår dei etterlatte og dei ansvarlege for dei ulike gravstadane (festerane).

## 6.3. Minnelund

Ønskje om ein minnelund ved Sykkylven kyrkjegard har vore tematisert i ei årrekke, men det var først i 2020 at dette for alvor vart jobba med. Dette ved at ein interpellasjon i Sykkylven kommunestyre, sak 13/20 den 25.02.2020, vedtok å sette ned ei nemnd for å vurdere etablering av ein minnelund i Sykkylven. Nemnda for minnelund uttalte at kommunestyret bør sette av inntil kr. 750 000,- i budsjett/økonomiplan til arbeidet med etablering av minnelund i Sykkylven. Nemnda uttaler vidare at det er vanskeleg å estimere kostnadar til eit slikt prosjekt då det vil være avhenging av kor omfattande – både arealmessig, installasjonsmessig og kunstnarleg – eit slikt prosjekt blir planlagt. Men med grunnlag av samanlikning med andre prosjekt, meiner nemnda like fullt at det kan være retningsgivande å legge følgande tal til grunn:

Planarbeid: 50 000,-
Minnesmerke: 100 000,-
Belegningsstein: 50 000,-
Benkar, lys m.m.: 150 000,-
Beplantning: 50 000,-
Graving, tillaging: 350 000,-
**Totalt: 750 000,-**

Kommunestyret vedtok ikkje midlar til dette formål i 2021, men vidare sakshandsaming har ført til at kr. 200 000,- var bevilga for 2022 til vidare prosjektering.

Kyrkjeverjen har i 2022 vore i møte med kommunalsjef Bjørnar Midtbust, samt medlem frå den tidlegare kommunalt nedsette nemnda, og har gjort avtalar om å kontakte fagpersonar med spørsmål om prosjektering i lys av nemnda sitt grunnlag.

### 6.4. Av større saker i det vidare

- Minnelund
  Ei kommunalt nedsett nemnd har behandla og avgitt svar tilbake til kommunestyret i forhold til spørsmålet om etablering av ein minnelund i Sykkylven. Det vart ikkje bevilga pengar til dette i 2021, men det vart bevilga kr. 200 000,- i 2022 til plan-/prosjektarbeid.

- Utviding av gravplassen
  Allereie i eit 10-årsvindauge vil dette være eit behov. Gravferdslovas krav er at gravplassen til ein kvar tid har ledige graver for minst 3% av kommuna sine innbyggjarar (§2). Kommunen v/ordførar Odd Jostein Drotninghaug har signalisert at dette er kjent og at det er gjort tiltak i forhold til kjøp av areal til mogleg utviding mot søraust.

- Støyskjerming mot riksvegen
  Støynivået frå riksvegen er tidvis for høgt. Dette gjeld spesielt ved gjennomføring gravferdar på dei nærast gravfelta langs riksvegen (A-, C-, L- og K-feltet).

## 7. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:
